

ÅRSPLAN 24/25

Ikornnes FUS barnehage



Ikornnes

INNHALD

1. Om årsplanen og måla FUS har for barnehagane

Visjon
Verdiar
Hovudmål

2. Om barnehagen

3. Vårt verdigrunnlag

Barn og barndom
Demokrati
Mangfald og gjensidig respekt
Likestilling og likeverd
Berekraftig utvikling
Livsmeistring og helse

4. Barnehagen sitt føremål og innhald

Sosioemosjonell støtte og veiledning
Organisering og leing
Læringsstøtte

5. Barn sin medverknad

6. Samarbeid

Foreldresamarbeid
Samarbeid med andre instansar

7. Overgangar

Tilvenning i barnehagen
Overgangar innad i barnehagen
Overgang frå barnehage til skule

8. Barnehagen som pedagogisk verksemd

Lærande organisasjon
Planlegging
Vurdering
Dokumentasjon
Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbudet for barn som treng ekstra støtte.

9. Barnehagen sine fagområde





**BARNET
FØRST!**



1. OM ÅRSPLANEN OG FUS SINE MÅL FOR BARNEHAGANE



Årsplanen viser korleis barnehagen jobbar for å oppfylle krava i den nasjonale rammeplanen for barnehagen sitt innhald og oppgåver (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 37). Årsplanen beskriv korleis vi jobbar for å nå FUS sine felles målsettingar for barnehagane.

Visjon:

Saman gir vi barndommen verdi: Venskap, leik og glede og kvardagsmagi

Visjonen er leiestjerna vår og den stakar ut ei retning for kva vi ønskjer at FUS barnehagane skal oppnå – no og i framtida. Visjonen er det vi strekkjer oss etter kvar dag i møte med barn, foreldre og kollegaer.

Våre metodar for å jobbe mot visjonen :

Vi jobbar for at alle barn skal bli den beste utgåva av seg sjølv, og at alle skal få utnytte sitt fulle potensial. Vi skal jobbe for at dei blir best mogleg rusta for resten av læringslivet. Vi veit at læringa som skjer i barnehagen legg grunnlaget for all seinare læring, der spesielt eigenleing i leik og læring står sentralt.

Visjonen er det vi strekkjer oss etter kvar dag i møte med barn, foreldre og kollegaer. Visjonen inspirerer, motiverer og er sjølve grunnen til at vi ser fram til å gå på jobb kvar dag. Saman gir vi barndommen:

- Vennskap
- Leik
- Glede
- Kvardagsmagi

Verdiar:

Glødande, skapande og tilstadeverande

Verdiane er kulturberarane i FUS. Verdiane fortel kva vi står for, kva vi trur på og kva som er viktig for oss. Dei er ei kjelde til motivasjon og inspirasjon i det daglege arbeidet i barnehagen på vegen for å verkeleggjere visjonen.

Våre metodar for å jobbe i tråd med verdiane

Tilsette som skaper lek og vennskap

Her i Ikornnes FUS barnehage er tilsette sin rolle som den aktive, tilstadeverande tilsette, godt forankra i personalgruppa. Vi er tilstade i dei magiske små augneblinka som utgjer so utruleg mykje for relasjonar og samspel i barnegruppa. Det krev at vi er nære omsorgspersonar og har djup respekt for relasjonane barn har seg imellom. Med innsikt og sensitivitet utøver vi vår rolle som tilretteleggjar, rettleiar, hjelper og ein god venn for barna. Vi ser når eit barn treng hjelp for å komme inn i lek. Vi set ord til opplevingane, sidan vi veit at barna har behov for god språkkompetanse for å kunne delta og påverke i dei ulike sosiale relasjonane som oppstår i lek. Den gode leiken inneheld ei eiga verd av kvardagsmagi der vi kan gjere alt, og alt kan skje. For å få til dette er det behov for vaksne som er GLØDANDE, SKAPANDE og TILSTADEVERANDE.

Dette er tilsette som er:

GLØDANDE:

- Gler seg til arbeidsdagen.
- Møter alle med eit smil.
- Ser barnet.
- Lar seg inspirere av barna.
- Kreativ og nytenkjande.
- Verdset humor, og deler glede
- Opne armar og eit godt fang

SKAPANDE:

- Engasjert.
- Lar barna klare sjølv.
- Finn ut nye måtar å leike på.
- Ting blir brukt på nye måtar.
- Lage god arena for fellesskap.
- Deltar i leiken.
- Verner leiken

TILSTADEVERANDE:

- Oppmerksom.
- Undrar oss saman.
- Hjelper og rettleiar i utfordrande situasjonar.
- Ser at barn har ulike behov.
- Skapar forutsigbarheit, slik at barna meistarar å medverke i kvardagen.
- Er sikker og trygg



Hovudmål:

FUS barn har eit positivt sjølvbilete.

FUS barn er trygge og forskande, trivast i leik og har vennekompetanse.

FUS barn gler seg til “resten av livet”, og veit at dei har moglegheit til påverknad og at innspela deira tel.

FUS barn har det gøy i barnehagen.

Våre metodar for å jobbe mot måla

- Personalet deltek på kompetanseutviklinga «Barnet først!»
- Personalet deltek på fagleg rettleiing
- Personalet held seg oppdatert på nyare forskning



I FUS barnehagane har vi eit felles slagord, «Barnet først». Det inneber at alt vi gjer skal vere til barnets beste. «Barnet først» er også namnet på kompetanseutviklinga vår, der målet er eit likeverdig barnehagetilbod av høg kvalitet i alle barnehagane våre.



2. OM BARNEHAGEN

Ikorannes FUS barnehage er ein del av over 175 FUS barnehagar i heil landet. Vi er eit eige aksjeselskap med ansvar for eiga drift. Vi er stolte av å vere ein del av FUS – Her sett vi brukardialogen høgt, barna er FUS og dei tilsette verdsettast høgt gjennom kompetanseutvikling sentralt og lokalt. Hos oss møter du pedagogiske lærarar, fagarbeidarar og medarbeidarar.

I Ikorannes FUS barnehage skal vi leike kvar einaste dag. Vi veit at leiken er barnets fremste utviklingsarena. Barna sjølv leiker for leikens skyld; det er artig og det er gøy! Det er det dei aller helst vil gjere når dei får velje sjølv. Derfor vernar vi godt om barnets leik i vår barnehage. Det forutsett ikkje berre at vi har leiker og fysiske omgjevnader som innbyr til leik, me også at dei tilsette har leikekompetanse og er modige nok til å delta i leiken på barnas premisser. Nå barn og tilsette frydar seg i leiker saman – det er da kvardagsmagien oppstår. Vi ser farm til enda eit barnehageår med magiske augeblink!

Ikorannes FUS barnehage har 4 avdelingar

- Tussvatnet 0 - 1 år
- Sessvatnet 2 - 3 år
- Stavekollen 3 - 5 år
- Flathornet 3 - 5 år

Ikorannes FUS barnehage AS

Kontaktinformasjon

Dagleg leiar: Bente Michli

Tlf: 941 69 444

Ikorannes FUS barnehage AS

Jarnesvegen 6

6222 Ikorannes

Heimeside: <http://fus.no/ikornnes>

Facebook: Ikorannes FUS barnehage

Instagram: Ikorannes FUS barnehage



3. VÅRT VERDIGRUNNLAG

«Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Barndommen har ein eigenverdi, og barnehagen skal ha ei heilskapleg tilnærming til barna si utvikling. Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å vareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 7)

Barn og barndom

«Barna skal møtast som individ, og barnehagen skal ha respekt for opplevingsverda til barnet. Barns liv blir påverka av omgivnadane, men barn påverkar òg sitt eige liv.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 8).

Vårt syn på barn og barndom:

Leiken er barns naturlege veremåte, og har ein sentral plass i barnehagen. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barnas eigen kultur, leikens eigenverdi skal anerkjennast. Leiken skal vere ein arena for barns utvikling og læring, og for sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik - alene og saman med andre.

Omsorg handlar om å sjå og anerkjenne andre og eige behov, om å vere saman, ta vare på kvarandre og tilgi. Daglege rutinesituasjonar nyttas til å skape gode omsorgsrelasjonar prega av godheit, kjærleik og omtanke. I barnehagen skal omsorg vere ein kvalitet ved alle relasjonar. Når barn blir overøste med kjærleik, blir dei sterkare og meir robuste i livet – dette førar til god sjølvkjensle. Personalet, føresette og barn er ein del av barnehagens omsorgsfelleskap.

Personalet skal:

- Sjå det sympatiske i kvart enkelt barn
- Vere lydhøyr for barnas uttrykksformer og behov
- Leggje til rette for positive samspelssituasjonar
- Vere tydlege, og by på seg sjølv

Demokrati

«Barnehagen skal fremje demokrati og vere eit inkluderande fellesskap der alle får høve til å ytre seg, bli høyrde og delta. Gjennom å delta i barnehagefellesskapet skal barna få sjansen til å utvikle forståing for samfunnet og den verda dei er ein del av.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 8).

Våre metodar for å fremje demokrati:

- Barnehagen skal vere ein demokratisk arena. Barnet skal bli møtt for den dei er, og respekterast for det. Barna skal kjenne at dei er gode nok slik dei er, og at alle er like mykje verdt.
- Vi representerer ulike kulturar, og dette skal vi ta på alvor. Vi skal fremje positive haldningar, og eit fargerikt fellesskap.
- Vi må ha rom for alle språk, også dei nonverbale. Barna skal lære at deira meining tel, utan at dette nødvendigvis innber at dei som enkeltpersonar skal bestemme alt, og at dei alltid skal få viljen sin.
- Personalet må vere lydhøre for barna sine innspel og interesser, vere fleksible, og gripe mulighetene til å kunne fordjupe seg i interessefeltene til barna her og no.
- Nokon gongar må dei vaksne bestemme, for å gi barna mulighet til å utvide sin horisont, si forståing og repertoar

Mangfald og gjensidig respekt

«Barnehagen skal fremje respekt for menneskeverdet ved å synleggjere, verdsetje og fremje mangfald og gjensidig respekt. Barnehagen skal bidra til at alle barn føler at dei blir sett og anerkjende for den dei er, og synleggjere den enkelte sin plass og verd i fellesskapet. Barnehagen skal leggje til rette for kultur møte, gi rom for barna si eiga kulturskaping og bidra til at alle barn kan få oppleve glede og meistring i sosiale og kulturelle fellesskap.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 9).

Våre metodar for å fremje mangfald og gjensidig respekt:

I barnehagen har vi ulike morsmål, og ulik kulturell bakgrunn. Vi ser på ulikskap som ei styrke for gruppa. Ulikskapar gjer oss rause og fleksible.

- Alle skal bli sett og anerkjent for den dei er kvar dag.
- Personalet skal bruka tida si ilag med barna, og vere tilstades i både leiken og andre opplevingar. Vi har et fokus på vennskap, og å behandel kvarandre på ein god måte.
- I barnehagen synleggjer vi tilhøyrighet ved å markere nasjonaldagar, ulike tradisjonar, og høgtider i heimane til barna. Her er vi glade for innspel og ønsker frå dei enkelte heimane.



Likestilling og likeverd

«Barnehagen skal fremje likeverd og likestilling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn. Barnehagen skal motverke alle former for diskriminering og fremje nestekjærleik.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 10).

Våre metodar for å fremje likestilling og likeverd:

Barnehagen skal vere eit miljø der ulike individ og ulike kulturelle uttrykk, møtes i respekt for det som er ulikt. Dagleglivet skal vere prega av samvær som inneber at personalet lyttar til, støttar og utfordrar barna. Barnehagen skal fremje positive handlingar som motverkar avvising, mobbing og vald. I vår barnehage skal kvart enkelt barn oppleve tilhørighet.

Berekraftig utvikling

«Barna skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Berekraftig utvikling omfattar natur, økonomi og sosiale forhold og er ein føresetnad for å ta vare på livet på jorda slik vi kjenner det. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå at handlingar i dag har konsekvensar for framtida.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 10).

Våre metodar for å fremje berekraftig utvikling:

Berekraftig utvikling handlar om at barna skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Personalet har derfor ei viktig oppgåve i å fremje verdiar, haldningar og praksis for eit meir berekraftig samfunn. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå at handlingar i dag har konsekvensar for framtida.

Barna i barnehagen vår skal glede seg til «resten av livet», dei veit dei har påverknadskraft og at innspela deira tel. Ei berekraftig utvikling er livsvarig, og gjennom danning i positive sosiale, relasjonar forankrast eit solid fundament for barnets meistring av livet. Den faglege satsing vår, Barnet først, har fokus på å støtte alle barns trivsel, læring og utvikling, uavhengig av barnas bakgrunn og funksjonsnivå. Vi skal sikre at barna i våre barnehagar får dei beste forutsetningane for å kunne delta i leik og vennskap med andre barn. Dette er med på å skape inkluderande og utviklingsstøttande barnehagar, som vil bidra til sosial utjamning og eit meir berekraftig samfunn.

Livsmeistring og helse

«Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebyggje krenkingar og mobbing. Barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med eigne og andre sine kjensler. Barnehagen skal vere ein arena for dagleg fysisk aktivitet og skal stimulere rørslegleda og den motoriske utviklinga til barna. Måltid og matlaging i barnehagen skal gi barna eit grunnlag for å utvikle matglede og sunne helsevanar.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 11).


Våre metodar for å fremje livsmeistring og helse:

- Kvart enkelt barn skal oppleve at dei er betydningsfulle og ein viktig del av fellesskapet. Gjennom felles opplevingar, og i møte med andre, utviklar barna gode relasjonar til kvarandre og til personalet. Det er viktig at barna møter trygge, tydelege ansatte som er enkle å forhalde seg til. Personalet skal vere støttande stilas for barna i deira utvikling.
- Her i Ikornnes FUS barnehage legg vi til rette for at alle barna får tilbod om å kvile kvar dag. Det er like viktig å lære seg å finne ro i kroppen, som å lære seg å være aktiv. Kvilestunda er ei verdifull tid der vi slappar av, lar tankane flyte og kroppen kvile seg. Det kan vere å ligge på madrass og høyre på lydbok, sitte roleg å lese ei bok eller andre rolege aktivitetar der rammene er satt for at vi skal ei ha ei roleg stund saman.
- Solid Start er ei satsing på motorikk og fysisk aktivitet i barnehagen. Satsinga er i samarbeid med kommunal fysioterapeut og ergoterapeut. Det overordna målet er at barna i Sykkylven gjennom tideleg innsats skal få ein helsefremmande kvardag, og leggje eit solid grunnlag for læring og vidare utvikling ved skolestart.
- Vi skaper matglede gjennom riktig og sunt kosthald. Hovudet og kropp skal utvikle seg, og alle små helter må ha overskot til leik og læring heile dagen. Næringsrik og riktig mat som inneheld nok av dei gode byggeklossane er ein føresetnad for å sikre optimal utvikling av hjerna og resten av kroppen. Måltida i barnehagen har ein viktig pedagogisk funksjon. Vi tek oss god tid, og gjer måltida til ei hyggeleg stund. Vi forhold oss til retningslinjene frå helsedirektoratet:

Mat og måltider i barnehagen



**BARNET
FØRST!**



4. BARNEHAGEN SITT FØREMÅL OG INNHOLD



«Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. I barnehagen skal barna få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskartrong. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik og læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna. »

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 19)

Barnet først er eit heilskapleg system for å styrke dei tilsette sin kunnskap og handlingskompetanse. Det inneheld tre ulike hovudområde som saman bidreg til å styrke barn si allsidige utvikling: sosioemosjonell støtte og rettleiing, organisering og leiing, samt læringsstøtte.

Sosioemosjonell støtte og rettleiing:

Sosioemosjonell støtte og rettleiing handlar om korleis dei tilsette klarar å skape ein barnehagekvardag som hjelper barn å utvikle gode relasjonar med andre, oppleve glede ved å lære noko nytt, oppleve tryggleik og tilknytning og ha ei oppleving av sjølvstende.

Positivt klima: I eit positivt klima smiler og ler dei tilsette saman med barna. Me ser mange bevis på at dei har ein god relasjon til barna, og dei viser entusiasme og interesse både med kroppen og stemma. Dei er der barna er, i barna si høgde og med kroppen vendt mot dei.

Negativt klima: Det er fråvær av at dei tilsette straffar, hånar, kjeftar og ertar barna.

Sensitive voksne – trygge barn: Å vere sensitiv handlar om å vere merksam og respondere på dei enkelte barn sine teikn på at dei har behov for støtte. Dei tilsette kjenner barna godt. Dei merkar dersom barna er urolege, redde, uoppmerksame, uinteressert, og dei tilpassar åtferda si for å respondere på det dei ser.

Barns perspektiv og medverknad: Dei tilsette følgjer barna sine initiativ og idéar, viser fleksibilitet og ivaretek barna sitt perspektiv. Dei let barna uttrykke



seg og etterspør barna sine idéar, gjev barna ansvar og oppmuntring til å klare seg sjølv.

Emosjonskompetanse hos barn og tilsette: Emosjonskompetanse handlar om å identifisere og forstå eigne kjensler og handtere frustrasjon. Det handlar om å hindre at stress og uro overveldar evna til å tenkje klart, og å ha kontroll over korleis og når ein uttrykker kjensler.

Emosjonsretteiing: I emosjonsretteiing er dei tilsette medvitne barnet sine kjensler, er tilstade, opprettar kontakt med barnet, viser forståing og aksept for barnet sine kjensler. Dei går inn i kjensla til barnet, og set namn på kjensla. Viss naudsynt, hjelper og støttar dei barnet i problemløysinga.

Organisering og leiing

Organisering og leiing handlar om korleis tilsette skapar ein barnehagekvardag som hjelper barn å

utvikle god sjølvregulering, halde fokus og vise interesse for leik og lærings situasjonar. Dei tilsette etablerer og opprettheld rutinar og struktur for å skape føreseielegheit og tryggleik, slik at barna kan engasjere seg i meningsfulle og utviklingsfremjande aktivitetar.

Gruppeleiing og rettleiing: Dei tilsette er proaktive og har klare forventningar til åtferd. Dei gir merksemd til ønska åtferd og gir trygge og føreseielege rammer.

Tilrettelegging for leik, læring og overganger:

Avdelinga har klare rutinar og dei tilsette sikrar flytande overganger. Barna kjenner til reglar, og barnehagekvardagen er prega av lite venting. Innhald og aktivitetar er godt førebudde.

Variasjon: Det er varierte og interessante material i barna si høgde. Dei tilsette tek perspektivet til barn og legg til rette for barn si deltaking i aktivitetar.



Læringsstøtte

Læringsstøtte handlar om at dei tilsette gjev støtte til barna si læring. Det teoretiske grunnlaget kjem hovudsakleg frå forskning på kognitiv utvikling og språkutvikling. Der er skilnaden mellom det å berre lære fakta og det å lære korleis fakta heng saman, er organisert og avhengig av kvarandre og lagt vekt på. Barn si kognitive og språklege utvikling er avhengig av høva dei får til å nytte eksisterande dugleikar, og om dei tilsette støttar utviklinga etter kvart som desse vert meir komplekse. Læring skjer når barnet er i samspel, er aktivt og opplever meining og engasjement. Rein instruksjon høver seg ikkje for barn i barnehagealder. Dei har behov for å delta, medverke og oppleve meining for at læring skal kunne skje.

Omgrepsutvikling, forståing og dybdelæring: Dei tilsette nyttar læringsfremjande diskusjonar og aktivitetar saman med barna. Læring handlar ikkje berre om å tileigne seg kunnskap, men også om å nytte denne kunnskapen i nye situasjonar. Dei tilsette legg mest vekt på å auke barna si forståing, snarare enn berre å gjennomføre læringsaktiviteten. Dei tilsette relaterer nye omgrep til situasjonar, hendingar eller objekt som barna er kjende med. Gjenkjenning fremjar læring. Dei tilsette etterspør barn si tenking og problemløysing.

Tilbakemeldingar: Barn treng tilbakemeldingar på eiga læring for å få mest mogleg ut av ein situasjon/aktivitet. Når barna er i leik og held på med aktivitetar, kan dei tilsette gje hint (verbalt eller fysisk) eller stille spørsmål og kome med innspel for at barna skal halde fram med ei oppgåve lenger, og dermed oppnå auka læring og meistring. Målet er tilbakemeldingssirklar, det vil sei gjentakande spørsmål – svar – sekvensar, slik at barnet får ei djupare forståing av det aktuelle temaet.

Språk: I språkstøtte er det viktig med hyppige samtalar saman med barna, og fram – og tilbakevekslingar mellom barnet og den tilsette. Dei tilsette snakkar med barna, ikkje til barna. Dei stiller mange opne spørsmål, der det krev meir enn eitt eller to ord til svar, dei repeterer og vidareutviklar barna sine utsegn, set ord på det dei sjølv gjer og det barna gjer. Dei har eit variert språk, forklarar ord og knytter ord til hendingar/erfaringar her og no. Dei tilsette har ein klar intensjon om å fremje barn sitt språk i samtalar mellom barna og mellom barn og tilsette.

Eigenleing i leik og læring: Dei tilsette støttar barna i si utvikling av eigenleingsfunksjonane; planlegging, organisering, arbeidsminne, fleksibilitet, sjølvregulering, sjølvmonitorering og igangsetting. Dei tilsette legg til rette for eit variert og rikt leikemiljø og deltek i barna sin leik.




BARNET FØRST!

Slik arbeider me med Barnet først:

Tuning-in-to-Kids (TIK) betyr å møte barna på dei kjenslene dei har. For å ha eit miljø som fremjar ei god utvikling treng borna å ha god kontakt med sine emosjonar. Når born er i store kjensler dei ikkje klarer å handtere, som sinne, frustrasjon, sorg er det ikkje rom for læring og utvikling. Derfor må barnehagens tilsette kople seg på barnas emosjonar for å gje borna dei beste forutsetningane for trivsel og utvikling.

I august startar utviklingsarbeidet med at avdelingane lagar ei problemstilling som dei skal arbeide med dette barnehageåret. Problemstillinga er forankra i det området i BARNET FØRST dei tilsette ønsker ei særleg utvikling i, for sin pedagogiske praksis. Evalueringa av fjorårets utviklingsarbeid er òg med på å definere kva for fokusområde som vert hensiktsmessig å ta tak i. Ved å sette fokus på eit område oppnår vi ei betre forankring, også for alle områda innan BARNET FØRST, då alle områda er nært knytt til barnehagekvardagen vår. Utviklingsarbeidet startar med initieringsfasen, der avdelinga skapar ei felles forståing for måla dei har satt seg, for å nå problemstillinga. I implementeringsfasen arbeidar vi mot måla våre, gjennom observasjonar, utprøving, og rettleiing. Mot slutten av barnehageåret har vi ei forankringsfase der vi observera vår praksis og utvinglinga vår, og evaluerer utviklingsarbeidet.

Vi er en del av nettverket FUS Sunnmøre. I dette samarbeidet skal ein CLASS-observatør frå ein anna FUS barnehage, kome og gjere ei observasjon på kvar avdeling. Rapporten frå denne observasjonen gir oss innsikt i våre styrkar i det pedagogiske arbeidet, og områder vi skal auke kvaliteten på.





5. BARN SIN MEDVERKNAD

«Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen. Alle barn skal kunne erfare å få påverke det som skjer i barnehagen på måtar som er tilpassa alderen, erfaringane, dei individuelle føresetnadane og behova til barna.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 27).

Våre metodar for å sikre barn sin medverknad:

- Barnehagen skal vere bevisst på dei ulike uttrykksformene til barna og leggje til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alderen, erfaringane, dei individuelle føresetnadane og behova til barna.
- Medverknad handlar om å delta i slutningsprosessar, vere med å bestemme over kva som skal skje og korleis det skal gjerast. Tilbakemeldingar frå barna på det som skjer i barnehagen er viktig for å vere i utvikling som barnehage og kunne endre på praksis. Personalet er lydhøyr til barnas verbale og non-verbale språk.
- Personal som er tilstadeverande rundt barna og leiken deira, skal kunne reflektere og undre seg saman med barna, lytte til deira tankar og meiningar. Barna skal ikkje få meir ansvar enn dei er rusta til å ta og det krev at vi er beviste som føresette og personal.





6. SAMARBEID

«Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 29).

Foreldresamarbeid:

Våre metodar for å skape eit godt foreldresamarbeid:

Det daglege samarbeidet er viktig, både for å lære kvarandre å kjenne, og for å få kunnskap om kvart enkelte barn. Vi ynskjer eit godt forhold til føresette. Vi blir glade om dykk som føresette også tek initiativ til å spørje om korleis barnehagedagen har vore! Det skjer noko kvar dag, både smått og stort.

Vi har to utviklingssamtaler i året, haust og vår.

Ta gjerne kontakt utover dette om de har behov.

Ring eller send sms så avtaler vi ein samtale.

Rammeplanen seier at «På individnivå skal barnehagen leggje til rette for at foreldra og barnehagen med jamne mellomrom kan utveksle observasjonar og vurderingar knytte til helsa, trivselen, erfaringane, utviklinga og læringa til det enkelte barnet».

FUS barnehagene har nokre forventningar til foreldra i våre barnehagar:

- gi viktig informasjon om barnet til barnehagen
- gi beskjed om barnet ditt ikkje kjem i barnehagen
- les informasjon frå barnehagen
- gi beskjed til ein tilsett når barnet ditt blir levert og blir henta.
- gi beskjed til en tilsett dersom nokon andre enn deg skal hente barnet
- kjenne til og ha underskrevet barnehagens vedtekter
- gi tilbakemelding på barnehagetilbodet
- svare på brukarundersøkinga
- møte til utviklingssamtale med barnehagelærar

FORELDRERÅDET

Består av alle foreldre/ føresette i barnehagen. Rådet skal fremje foreldra sine felles interesser, og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt miljø. Barnehagen skal sørge for at saker av betydning skal bli lagt fram for foreldrerådet.

SU


Utvalget skal uttale seg om saker som har betydning for barnehagen sitt innhold, verknad, forholda til foreldre/ foresette, sjå til at barnehagen blir drive innafor lover, forskrifter og barnehagen sine vedtekter. Samarbeidsutvalet består av representantar frå foreldregruppa, personalgruppa, eigar og styrer. SU kan ha ansvar for ulike sosiale arrangement og dugnadsarbeid. SU godkjenner barnehagen sin årsplan.

EIGARSTYRET

Eigarstyret er økonomisk ansvarleg for aksjeselskapet og skal vere eit kontrollorgan for barnehagen. Vidare fungerer eigarstyret som barnehagen sitt øvste organ mellom generalforsamlingane. Styret består av ein representant frå Trygge barnehagar og dagleg leder.

Samarbeid med andre instansar:

- Barnverntjeneste
- PPT (Pedagogisk – psykologisk teneste)
- Helsestasjonen
- Barnehabiliteringen
- FUS barnehagene på Sunnmøre
- Sykkylven kommune (lenke til heimeside)
- BTI (lenke til heimeside)
- Barneskulane i Sykkylven
- Barnehagane i Sykkylven
- Høgskulen i Volda
- Kyrkja
- Politi
- Ekornes Industrivern
- Ekornes
- Fønix



Ønsker du å komme i kontakt med barneverntjeneste, PPT eller helsestasjonen, ring servicetorget i Sykkylven kommune på telefon 702 46 500



BARNET
FØRST!





7. OVERGANGAR

Tilvenning i barnehagen

«Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 33).

Våre metodar for å sikre ei trygg og god tilvenning:

Barnets fyrste møte med barnehagen vår skal vere prega av trygg tilknytning og gode rutinar. Barns kjenslemessige band utviklast gjennom heile barnehagelivet, men tilvenningstida er ein ekstra sårbar periode. Barna må venne seg til ein ny kvardag, eit nytt miljø, nye rutinar, bli kjent med nye menneske og venne seg til å vere åtskilt frå sine foreldre/føresette. Det er difor viktig at personalet og føresette saman, finn ut av kva det einskilde barnet har behov for, og vurderer kor mange dagar føresette bør vere i barnehagen.

Vi ønsker ei foreldreaktiv tilvenning, med tett samarbeid og fokus på ditt barn. Alle barn skal ha sin tilknytingsperson i personalet. Når føresette kjenner seg trygg på å levere frå seg barnet sitt i barnehagen, skaper det tryggleik for barna. Barnehagen har ansvar for å organisere rutinar og tilpasse tid og rom slik at barna får tid til å bli kjend, etablere relasjonar og knytte seg til personalet og andre barn. Målet er at overgangen frå heim til barnehage ikkje skal opplevast som eit brot, men som ei utviding av moglegheiter for kontakt med andre og nye erfaringar.

I god tid før oppstart, vil vi invitere til besøk i barnehagen. Vi tilbyr også heimebesøk før oppstart, då kjem tilknytningsperson heim på besøk til barnet i deira trygge omgivadar.

Overgangar innad i barnehagen

Personalet skal sørge for at barnet og foreldra får tid og rom til å bli kjende med andre barn og anna personale når eit barn byter barnegruppe.

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 33).

Våre metodar for å sikre ein god overgang innad i barnehagen:

Sjølv om vi er delt i mindre grupper, helsar vi på alle i barnehagen, og møter kvarandre med eit smil. I overgangen til storbarn blir det nye rutiner og ei ny barnegruppe å bli ein del av. Hos oss strekker vi oss langt for at alle barna skal ha ein tilsett på si avdeling som dei er trygge på i overgangen frå småbarn til storbarn. Derfor blir det alltid noko rulling i personalgruppa kvart år. Om nokre barn ikkje får med seg ein kjent tilsett, gjer vi ein ekstra innsats for at barnet skal bli trygg på det nye personalet. Den siste tida før sommaren er vi på besøk hos dei nye gruppene og bli kjent med personalet, nye barn og lokalet.

Overgang frå barnehage til skule

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga. Dei eldste barna skal få høve til å gle seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehagen og skulen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte og møte skulen med nysgjerrigheit og tru på egne evne.

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 33).


Våre metodar for å sikre ein god overgang til skolen:

- I Sykkylven er det laga ein felles plan for denne overgangen. Dette er med på å sikre ein god overgang mellom barnehagen og skulen i samarbeid med heimen. Ein god overgang for det enkelte barn sikrar trygge rammer, gode verdiar og haldningar.
- På hausten har vi eit eige foreldremøte for førskuleforeldre. Her blir det informert om det pedagogiske opplegget siste året før skulestart. Rektor eller ein annan representant frå skulen deltek på dette møtet og gir informasjon om kva som ventar barna i skulen.
- Før barna begynner på skulen er der ei informasjonsutveksling i samsvar med samtykkeskjema frå føresette.





ÅRSPLAN



PERIODEPLAN



DOKUMENTASJONSPERM

8. BARNEHAGEN SOM PEDAGOGISK VERKSEMD

Lærande organisasjon

«Målet med barnehagen som pedagogisk verksemd er å gi barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen. For å oppnå dette skal barnehagen vere ein lærande organisasjon, og det pedagogiske arbeidet skal vere grunnlagt i barnehagelova og rammeplanen.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 37).

I FUS er vi lærande barnehagar. Personalet er i kontinuerlig utvikling, reflekterer over faglege og etiske problemstillingar, held seg faglig oppdatert og er gode rollemodellar. Senge (2006) seier: «ein lærande organisasjon er ein organisasjon som kontinuerlig forbedrer si evne til å skape si eiga framtid.» Vi legg difor vekt på at personalet utviklar evnene sine og bygger kapasiteten sin slik at barna møter omsorgsfulle og kompetente tilsette.

Våre metodar for å oppretthalde ein lærande organisasjon:

- Barnet først
- Ei leiing som held oss fagleg oppdatert
- Evaluering/vurdering av måloppnåing før nye planar
- Fagleg kompetanse inn i barnehagen og ut til foreldre og samarbeidspartnarar
- Anerkjenne at vi lærer av kvarandre i samspel kvar dag saman med barna
- Dra den faglege kompetansen inn i leik og læring. Kunne byggje på barnas interesser for å utvide både språkkompetansen og vidare læring
- Tørre å stå i dei faglege avgjerslene vi tek

Planlegging

Planlegging gir personalet grunnlag for å tenkje og handle langsiktig og systematisk i det pedagogiske arbeidet. Planlegginga skal bidra til kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa, og skal vere utgangspunkt for refleksjon og utvikling av verksemda. (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 37).

Våre metodar for planlegging:

Personalet nyttar planleggingsdagar, personalmøter, avdelingsmøter og leiarmøter til planlegging, dokumentasjon og vurdering. Innhaldet i planane skal vere i samheng med det pedagogiske innhaldet som presenterast i denne årsplanen og rammeplanen.

Vurdering

Barnehagen skal regelmessig vurderare det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrivast, analyserast og tolkast ut frå barnehageplanane, barnehagelova og rammeplanen. Vurderingsarbeidet skal byggje på refleksjonar som heile personalgruppa er involvert i. Trivselen og den allsidige utviklinga til barnet skal derfor observerast og vurderast fortløpande, med utgangspunkt i dei individuelle

føresetnadene til barnet og kunnskap om barns utvikling og behov. Erfaringane og synspunkta til barnet skal inngå i vurderingsgrunnlaget.

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 38).

Våre metodar for vurdering

Vi vurderer heile tida arbeidet vi har gjort, og dette blir grunnlaget for vår veg vidare. Kvart år er unikt, og planane må leggest opp ut frå dei barna vi har der og da. Vi er i stadig endring.

Vi vurderer ut frå:

- Tilbakemeldingar frå barna, både ut frå kroppsspråk og verbalt.
- Formelle og uformelle samtalar med føresette.
- Planleggingsdagar.
- Avdelingsmøta, annakvar veke.
- Personalmøta, ein gong kvar månad.
- SU møter
- Etter CLASS observasjonar og tilbakemeldingane frå desse
- Brukarundersøkinga
- Medarbeiderundersøkinga

Dokumentasjon

Dokumentasjon av personalet sitt arbeid synleggjer korleis personalet arbeider for å oppfylle krava i barnehagelova og rammeplanen. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i barnehagen sitt arbeid med å planleggje, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda.

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 39).

Våre metodar for dokumentasjon:

Vi bruker desse formene for dokumentasjon:

- MyKid: Nyheitsbrev, post-it, bilete og «dagen i dag»
- Barnas permar: Rammeplanen kobla til barnehagekvardagen og barnas egne kunstverk. Dokumentasjon frå barnas permar blir også delt som nyheitsbrev på MyKid.
- Vurdering av periodeplanar
- Dokumentasjon gjerest på forskjellige måtar i løpet av året. Ein del dokumentasjon vil ha form som utstilling av bilete eller ting som er laga eller gjort i barnehagen. Denne dokumentasjonen er i fyrste rekke mynta på at føresette skal få innsikt i kva vi gjer i barnehagen, men kan også vere ein gylden anledning til å prate med barnet om kva barnet har opplevd i barnehagen.

Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet for barn som treng ekstra støtte


«Barnehagen skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbodet etter behova og føresetnadane til barna, også når enkelte barn har behov for ekstra støtte i kortare eller lengre periodar. Barnehagen skal sørgje for at barn som treng ekstra støtte, tidleg får den sosiale, pedagogiske og /eller fysiske tilrettelegginga som er nødvendig for å gi barnet eit inkluderande og likeverdig tilbod. Inkludering i barnehagen handlar òg om å leggje til rette for sosial deltaking. Dersom det er grunn til å tru at barnet ikkje kan få dekt behova sine innanfor det allmennpedagogiske tilbodet, skal barnehagen opplyse foreldra om retten til å krevje ei sakkyndig vurdering av om barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 40).

Våre metodar for tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet:

Vi jobbar heile tida med at barna skal kjenne seg som ein del av sin «flokk». Vi tek utgangspunkt i barnets interesser og organiserer og legg til rette for at kvart enkelt barn skal kunne skinne. Vi har smågrupper og språkgrupper, leikegrupper og kvilegrupper.


Alle skal oppleve å være ein del av fellesskapet – og alle barna har ein tilsett som er litt ekstra nær i byrjinga av året, ei primærkontakt, alle barn skal bli sett og høyrte kvar dag. Vi jobbar for at alle barna skal ha nære og gode relasjonar til minst ein vaksen. Personalet kjenner barnegruppa dei jobbar med godt og kan dermed sjå kvart enkelt barn og deira behov – forutsigbarheit og trygge rammer.



9. BARNEHAGEN SINE FAGOMRÅDE

Barnehagen har 7 ulike fagområde:

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle, mat og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur, miljø og teknologi
- Mengd, rom og form
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn



«Fagområda speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng, og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen. Barnehagen skal ta utgangspunkt i engasjementet og bidra til barna slik at arbeidet med fagområda kan opplevast som ein meningsfull og morosam del av kvardagen til barna. Barna skal utvikle kunnskapar og ferdigheiter innanfor alle fagområde gjennom undring, utforsking og skapande aktivitetar.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 47).

Kommunikasjon, språk og tekst

Språkarbeidet er i kjernen av vår barnehagearbeid. Språk er barnas viktigaste reiskap for deltaking og medverknad. Eit godt språkmiljø kjenneteiknast av eit barnehagepersonalet som følger opp barnas interesser, utvidar barnas ytringar, stille opne spørsmål og oppmuntrar barna til å leike med språket. Barn lærer best når dei er aktive og deltakande med heile seg, og når dei får brukt språket til det som opptek dei..

Språk kan delast opp i tre delar: form, bruk og innhald. For å kunne gje barna ei heilskapleg språkutvikling, har vi dedikert ei periode til kvar av desse språkdelenane. Frå barna byrjar i barnehagen og til dei startar på skulen, oppnår dei på denne måten ei progresjon i si språkutvikling innafør dei ulike språkdelenane.



**SAMMEN GIR VI
BARNDOMMEN VERDI:
VENNSKAP, LEK OG GLEDE
OG HVERDAGSMAGI**



Kropp, rørsle, mat og helse

«Barnehagen skal leggje til rette for at alle barn kan oppleve rørsleglede, matglede og matkultur, mentalt og sosialt velvære og fysisk og psykisk helse. Barnehagen skal bidra til at barna blir trygge på eigen kropp, får ei positiv oppfatning av seg sjølve og blir kjende med sine egne kjensler». (Rammeplanen for barnehagen)

Det er viktig for oss at barna opplever ein kvardag med god balanse mellom aktivitet og kvile, sunne og varierte måltid. At dei skal oppleve motivasjon, eiga meistring, og å kjenne seg trygg i eigen kropp.

Eit verktøy vi bruker, er SOLID START SYKKYLVEN, som er ei satsing på motorikk og fysisk aktivitet, etter inspirasjon frå Gausdalmodellen. Her følgjer vi eit årshjul, med tema knytt til sanseapparatet, grov- og finmotorikk.

Progresjon

- 0 – 2 år** Barna skal utvikle ei positiv sjølvkjensle. Både inne og ute skal barna bruke heile seg i leik. Måltida opplevast som gode, og det er spanande å møte ny mat.
- 3 – 4 år** Barna utviklar betre kroppskontroll, grovmotorikk og finmotorikk, rytme og motorisk kjensle. Friluftsliv og uteliv gir barna nye fysiske utfordringar som gjennom leik blir møtt med undring og utforsking. Barna utforskar ulike reiskapar som skaper interesse for meistring av finmotoriske aktivitetar.
- 5 – 6 år** Barna utviklar glede ved å bruke naturen til utforsking og kroppslege utfordringar. Barna utviklar forståing og respekt for eigen og andre sin kropp og at vi er forskjellige. Barna forstår viktigeita av gode vanar



August

Nytt barnehageår

Dei fyrste vekene blir ei tilvenningstid for alle. Barna treng å finne sin plass i barnegruppa. Personalet bruker august måned til å bli godt kjend med alle barna. Korleis er relasjonane i barnegruppa, kva for interesser har barna, kva leikeområde gir best samspel?



September og oktober

Fagområde: Nærmiljø og samfunn

Barnehagen skal bidra til at barn møter verda utanfor heimen, med tillit og nysgjerrighet:

«Barnas medverknad i kvardagslivet i barnehagen legg grunnlaget for vidare innsikt i og erfaring med å delta i eit demokratisk samfunn. Barnehagen skal bidra til kunnskap om, og erfaring med lokale tradisjonar. Kulturelt mangfald, ulike levemåtar og forskjellige familieformer er ein del av fagområdet.»

(Rammeplanen for barnehagen)

Progresjon

0 – 2 år Barna får oppleve nærmiljøet rundt barnehagen.

Barna skal utvikle tillit til eige bidrag til fellesskapet

3 – 4 år Personalet legg til rette, og hjelper barn i inkluderande leik, der alle kan delta utifrå sine føresetnader.

Barna erfarer demokrati, det å bestemme saman med andre. Alle barna får lik tilgang til leikemateriell og aktivitetar uavhengig av kjønn.

5 – 6 år Vi utvidar barnas forståing for andre samfunn og land.

Korleis kan andre leve og bo?


Solid Start Sykkylven:

Grunnleggjande aktivitet, kinestetisk sans, stabilitet/balanse, taktil sans

Kulturkalenderen:

Brannvernveka – besøk av Ikorntes Industivern

Vi markerer FN-dagen 24. Oktober.



November og desember

Fagområde: Kunst, kultur og kreativitet

Det er viktig for oss at dette fagområdet er prosessfokusert. Det betyr at det er teknikk, materiale og barnas eige initiativ, som er styrande for planlegging og gjennomføring.

Personalet si rolle blir her å sørge for at barna har tilgang til ting, rom og materiale som støttar opp om dei estetiske uttrykkformene, og å vere lydhøyr, anerkjenne og respektere barna sin eigen tradisjonskultur og barnekultur.

«Barnehagen skal bidra til at barna bruker ulike teknikkar, materiale, verktøy og teknologi til å uttrykke seg estetisk. Personalet skal bidra til at kulturelt mangfald blir ei glede for heile barnegruppa.»

(Rammeplanen for barnehagen)

Progresjon:

0 – 2 år Barna skal utforske sansane gjennom bruken av materiale og instrument.

3 – 4 år Barna skal bli introdusert for ulike teknikkar og bli oppmuntra til å utforske dei.


5 - 6 år Barna skal kunne sette i gang og gjennomføre ein estetisk aktivitet ut ifrå eigen nysgjerrigheit og initiativ.

Solid Start Sykkylven:

Stabilitet/balanse – hørselssans

Kulturkalenderen:

- Barnas julebord
- Julegrantenning
- Julesamling i kyrkja
- St. Lucia
- Nissefest



Januar og februar

Fagområde: Mengd, rom og form


Gjennom lek, eksperimentering og kvardagsaktiviteter skal barna få utvikle sin matematiske forståing, og utvikle forståing for grunnleggjande matematiske omgrep.

«Barnehagen skal synleggjere samanhengar og leggje til rette for at barna kan utforske og oppdage matematikk i dagleglivet, i teknologi, natur, kunst og kultur, og ved å sjølve være kreative og skapande»

(Rammeplanen for barnehagen)

Progresjon

- 0 – 2 år** Barna skal høyre grunnleggande matematiske omgrep i kvardagen, og få ei begynnande forståing for omgrepsinnhaldet.
- 3 – 4 år** Barna blir kjend med konstruksjonslek i ulike storleikar. Vi bruker ulike fysiske fenomen til å skape undring og spørsmål.
- 5 – 6 år** Barna støttast i si utvikling av evne til logisk tenking, ved å belyse konsekvensar, og hjelper barna til sjølv å kome fram til ulike problemløysingar. Barna har god forståing for matematiske omgrepsinnhald, tall og teljing.



Solid Start Sykkylven:

Koordinasjon – synssans/auge-hand koordinasjon

Kulturkalenderen:

- Karneval
- Samenes nasjonaldag



Språkarbeid: Språkets kontekst



Metode: Eventyr

Eventyra våre setter fokus på språkets kontekst. Eventyras munnlege form med fast struktur og tydelege kontrastar er gode førebilete for barnas forteljarkompetanse. Eventyr sett barna i eit perspektiv der dei blir medviten til kva mottakaren treng å vite. Dette er viktig å beherske for å delta i både rolleleik og boltreik på ein god måte. Eit eventyr tilbyr eit univers med rare, gamle, nye ord som kan bli gjenstand for mange språklege oppdagingar. Eventyr gir eit viktig bidrag til kulturelle tradisjonar.

Progresjon:

- 1 år:** Repetisjonar får barna til å ha forventningar til eventyrets forløp. Barna følger handlinga, spenningstoppen og slutten.
- 2 år:** Barna er med og gjentar ytringar langsmed eventyret. Barna kan tilpasse stemma si til eventyrets stemning. Barna kan delta i leik og enkle litterære samtalar med eventyrets tema.
- 3 – 4 år:** Med støttande spørsmål kan barna gje gode forteljingar tilpassa ein mottakar, og kan delta på leik, dramatisering av eit eventyr. Språket er lausriven frå konkretar.
- 5 år:** Barna kan fortelje eit eventyr med noko organisert struktur. Barnas egne forteljingar er godt tilpassa mottakar.



Mars og april

Fagområdet: Etikk, religion og filosofi

Dette er fagområdet for dei store spørsmåla. Vi i Ikornnes FUS barnehage bruker bevisst dei opne og globale spørsmåla. Spørsmåla er opne for barnas egne forklaringar, og globale slik at barna kan endre samtaletema undervegs, til det som opptar dei. Barna lærer at vi er forskjellige, og vi kan undre oss over stort og smått. Korleis blir blomane til og kva skjer med marken når det blir vinter? Kva kan eg gjere for deg når du blir lei deg?

Rammeplanen: Etikk, religion og filosofi er med på å forme korleis vi oppfattar verda og menneska, og pregar verdiar, normer og haldningar. Gjennom å samtale om og undre seg over eksistensielle, etiske og filosofiske spørsmål skal barn få høve til sjølve å formulere spørsmål, lytte til andre, reflektere og finne svar. Slik skal barnehagen bidra til å leggje grunnlag for kritisk tenking og dømmekraft.

Progresjon


- 0 – 2 år** Barna skal delta i samspel med vaksne som er imøtekommande, inkluderande og tilstadeverande førebilete. Barna ser tilsette som viser respekt og set pris på ulikskap. Barna oppleve grensesetting og trygge vaksne. Vi øver på mitt og ditt, rett og galt
- 3 – 4 år** Barna skal erfare at egne val og handlingar kan påvirke situasjonar og andre sine kjensler, og utvikle interesse og respekt for kvarandre og forstå verdien av likskapar og ulikskapar i eit fellesskap
- 5 – 6 år** Vi oppmodar barna til å fortelje om egne kjensler, samt å forstå andre. Vi bruker samtalen til refleksjon rundt egne erfaringar og det å sette seg inn i andre sine perspektiv. Slik kan vi bidra til å utvikle barna si toleranse, interesse og respekt for kvarandre, og for menneske med ulik kulturell, religiøs eller livssyn som er representerte i barnehage.

Solid Start Sykkylven:

Vestibulærsans, hoppeaktivitet – munnmotorikk og finmotorisk aktivitet.

Kulturkalenderen:

- Barnehagedagen,
- Påskearrangement med foreldre
- Godheitsveka
- FUS-dagen



Språkarbeid: Språkets innhald

Metode: Biletbøker

Biletbøker har eit meir nyansert språk og inneheld omgrep vi skjeldan brukar i dialekta vår. Repetisjon og dialogisk lesing aukar språkutbyttet på ei lesestund, for kvar gong boka blir lest aukar barnas forståing for bokas handling. Barnet møter det umoglege, det morosame, det skumle og det triste i biletbøkenes verd. Verdien av litteraturformidling blir mykje meir enn berre språkutvikling.

Progresjon:

1 år: Vi skaper bok-glede i lag med barna. Vi har bøker tilgjengeleg for barna og tar dagleg initiativ til ei lesestund.

2 år: Barna gjentek nøkkelord i dialogisk lesing. Barna følg ei bildebok med enkel tekst.

3 – 4 år: Barna kan delta i ei litterær samtale med boka som tema i ettertid.

5 år: Barna er aktivt med i lesestunda og kan følgje ei lesestund med noko lengre tekst.



Mai, juni og juli

Fagområde: Natur, miljø og teknologi

Barna skal forstå at naturen består av eit samspel av planteliv og dyreliv. Barna skal erfare korleis ulike teknikkar brukas i leik og kvardagsaktivitetar.

«Barnehagen skal leggje til rette for at barna kan få eit mangfald av naturopplevingar og få oppleve naturen som arena for leik og læring.» (Rammeplanen for barnehagen)

Progresjon


- 0 – 2 år** Barna skal tileigne seg forståing av fysiske fenomen gjennom sansane. Barna skal oppleve, erfare og få kjennskap til naturkreftene ved å være ute i all slags vær.
- 3 – 4 år** Barna skal oppleve glede ved å ferdast i naturen. Barna skal utvikle respekt for naturen, og forstå korleis og kvifor vi praktiserer «sporlaus ferdsel».
- 5 – 6 år** Barna får vite kor ulik mat kjem frå og korleis ulike produkt blir laga. Barna får kjennskap til miljøvern og naturens samanheng.

Solid Start Sykkylven:

Uteaktivitetar og fartsleik – ballaktiviteter

Kulturkalenderen:

- Rusken-aksjonen
- Grunnlovsdagen
- Sommarfest
- Pride
- Førskulearrangement



Førskulebarna

Barnehagen skal leggje til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskap og ferdigheiter som kan gi dei eit godt grunnlag for god motivasjon for å begynne på skulen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte, og møte skulen med nysgjerrigheit og tru på egne evner.

(Kunnskapsdepartementet 2017, s 34)

Det viktigaste barna kan ta med seg til skulen, er gode sosiale ferdigheiter og sjølvstendigheit. Det kjem vi til å jobbe mykje med gjennom heile året, og det er viktig at det blir følgt opp heime.

I kvardagen legg vi vekt på:

- å vere sjølvstendig under påkledning og hjelpe andre. Kunne be om hjelp.
- å samarbeide, vente på tur, dele med andre og lytte til andre.
- å vise toleranse og respekt gjennom å helse, si takk og inkludere andre.
- å vise empati gjennom å trøyste og vise omsorg. Vere ein god venn.
- å vise ansvar gjennom å rydde etter egen aktivitet.
- å halde orden på kleda sine /plassen sin.
- å ta imot beskjeder og utføre oppgåver.
- å ta ansvar for egne handlingar.



Barna skal styrkast i at dei er de eldste i barnehagen, og oppleve ein barnehagekvardag som dei gler seg over, heilt fram til skulestart. Barna skal bli kjend med sin skule, og bli trygg på kva dei vil møte. Eit godt samarbeid mellom barnehage, skule og foreldre, gjer skulen førebudd på å ta imot barna på ein god måte.

Gjennom året er der nokre egne aktivitetar kun for førskulebarna:

- Slettegjerdedagen, treff for alle førskulebarna i kommunen.
- Fønix. Snekkerverkstad ilag med frivillige entusiastar.
- Svømmeopplæring
- Barnas bestemmerdag
- Kino på kulturhuset, kun for førskulebarna.
- Avslutningsfest for førskulebarna i følgje med foreldre.



